



MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSLAG

Tilsluttet Norsk Brannbefals Landsforbund

ÅRSMØTE MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSLAG 12. MARS 2015

Agenda

1. Godkjenning av innkalling og medlemmer
2. Val av dirigent
3. Val av sekretær (referent)
4. Val av 2 representantar som saman med leiar skal godkjenne protokollen
5. Årsmelding frå siste år
6. Regnskap med revisors merknad for siste år
7. Innkomne saker
8. Val

Etter årsmøtet var det arrangert medlemsmøtet med fagtema. Tema har vore erfaringar gjort etter brannen i Rindal kyrkje og elbil/miljøbilar. Eige referat er skrevet.

1. Godkjenning av innkalling og medlemmer

Ingen hadde protestar med omsyn til innkallinga. Trettini stemmerettige medlemmar var representert under møtet.

2. Val av dirigent

Stig Fjørtoft var foreslått som møteleder. Dette vart samrøystes vedteke.

3. Val av referent

William Bernt Ekeli var foreslått som referent. Dette vart samrøystes vedteke.

4. Val av 2 representantar som saman med leiaren skal godkjenne protokollen

To personer vart vald til å skrive under protokollen, og dette var Jon Børge Horneland (Molde brannvesen) og Odd Arne Hansen (Tingvoll brannvesen).

5. Årsmelding frå siste år

Jan Ove Kvernes gjekk gjennom årsmeldinga punkt for punkt. Tal på 6. klasseprosjektet stemmer ikkje. Arnold Rørstad sender riktig tal til sekretær William Bernt Ekeli før årsmeldinga vert ferdigstilt. Med pengane frå Gjensidigestiftinga er det kjøpt inn ny øvingshengjar (stasjonert i Kristiansund) og den gamle skal verte seld.

Årsmøtet godkjente årsmeldinga med dei merknadene årsmøtet hadde.

6. Regnskap med revisors merknad for siste år

Live Margrete Ganborg gjekk gjennom regnskapet. Det har vore to merknader frå revisorar, ein skriftleg og ein munnleg. Den skriftlege var endring av årstal endra frå 2013 til 2014. Håvard Fiskaa sa at tekst på bilaga må vere rett.

Årsmøtet godkjente regnskapet med dei merknadene revisorane hadde.

7. Innkomne saker

Det vart eit innkomen forslag frå Arne Sigurd Hansen, og han presenterte sjølv forslaget. Møre og Romsdal Brannbefalslag opprettar ei arbeidsgruppe for å skildre organisering av brann- og redningsvesen i Møre og Romsdal. I tillegg kom styret med tilleggsønske:

- Gruppa skal bestå av dei tre store brannverna (Ålesund, Molde og Kristiansund)
- Eit deltidsbrannkorps i kvart delfylke (sør/midt/nord) skal vere med i gruppa



MØRE OG ROMSDAL BRANNBEFALSSLAG

Tilsluttet Norsk Brannbefals Landsforbund

- Det enkelte brannvesen som er representert i gruppa, dekker egne kostnar.

Årsmøtet hadde kommentarar til forslaget:

- Gruppa skal sjå på heile brann- og redningsvesenet, og ikkje berre beredskap
- For dette prosjektet kan det vere aktuelt å søke midlar av Fylkesmannen
- Styret set gruppa.

Forslaget vart samrøysta vedteke, med dei innkomne kommentarane.

8. Val

Medlem av valkomiteen Geir Thorsen gikk gjennom forslaga:

- | | | |
|---------------|------------------------|-------------------|
| • Leiar | Vidar Bakke | valt (for to år) |
| • Nestleiar | Frank Skorgenes | valt (for eit år) |
| • Kasserar | Live Margrethe Ganborg | ikkje på val |
| • Sekretær | William Bernt Ekeli | valt (for to år) |
| • Styremedlem | Steinar Hauglum | ikkje på val |
| • 1. vara | Øystein Bjørkavåg | valt (for eit år) |
| • 2. vara | Endre Dahlen | valt (for eit år) |

Revisorar:

Robert Svanemyr
Håvard Fiskaa

valt (for eit år)
valt (for eit år)

Årsmøtet valde samrøystes valkomiteen sitt forslag.

Valkomit :

Styret sitt forslag (atterval p  valkomit ).

Einar Hjelle
Geir Thorsen
Frank S ether

valt (for eit  r)
valt (for eit  r)
valt (for eit  r)

Dato og underskrift:

Jon B rge Horneland
(Molde brannvesen)

Odd Arne Hansen
(Tingvoll brannvesen)

Vidar Bakke
( lesund brannvesen)